



Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/3230-296

## **Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS - justering av aksjonæravtale, vedtekter og påvebrev**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

1. Fylkestinget godkjenner vedlagde aksjonæravtale og vedlagte påvebrev, jf. vedlegg 1 og 3.
2. Fylkestinget sluttar seg til at Sogn og Fjordane Holding AS endrar vedtekten sine i samsvar med vedlegg 2.

**Vedlegg:**

1. Utkast til aksjonæravtale for Sogn og Fjordane Holding AS
2. Utkast til nye vedtekter for Sogn og Fjordane Holding AS
3. Utkast til påvebrev til kommunane

**Andre relevante dokument i saka:**

FT-sak 35/19  
Gulating lagmannsrett sin dom av 29. mars 2019

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Saka er ei oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i sak 35/19 (møte 05.06.19).

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget godkjenner justeringar i aksjonæravtalen og vedtekten for Sogn og Fjordane Holding AS (SF Holding) for å sikre at selskapet i størst mogleg grad tek omsyn til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin langsigte eigarstrategi for Sogn og Fjordane Energi AS (SFE), og ikkje eigarstrategien til konkurrerande selskap.

Vidare gjer eg framlegg om nokre mindre endringar i påvebrevet til kommunane.

### **2. Bakgrunn for saka**

I sak 35/19 gjorde fylkestinget slikt vedtak:

1. *Fylkestinget i Sogn og Fjordane har til hensikt å overføre 80 prosent av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til dei kommunane i dagens Sogn og Fjordane fylke som vil vere ein del av Vestland fylke frå 1. januar 2020. Overføringa skal skje med utgangspunkt i kommunestrukturen i 2019 og etter ein fordelingsnøkkel der 65 prosent av aksjane vert fordelte etter kommunane sitt folketal per 1. januar 2019 og 35 prosent vert fordelte likt mellom kommunane, jf. vedlegg 5, alternativ 1.*

*Overføringa til kommunane føreset at*

- *det vert rettskraftig avgjort at overføringa ikkje utløyser forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS*
  - *styret i SFE gjev samtykke til overføringa til kommunane*
  - *kommunane får konsesjon frå Olje- og energidepartementet til å eige*
  - *aksjeoverføringa ikkje får negative konsesjonsrettslege konsekvensar for Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine datterselskap.*
2. *Fylkestinget godkjenner vedlagte gåvebrev (1) til kommunane og vedlagde aksjonæravtale(2) mellom fylkeskommunane og kommunane. Fylkestinget sluttar seg vidare til at Sogn og Fjordane Holding AS endrar sine vedtekter i samsvar med vedlegg 3.*
- Aksjane til kommunane vert overførte på dei vilkåra som følgjer av desse dokumenta, dvs. vedlegga 1-3.*
3. *Dersom føresetnadene i pkt. 1 vert oppfylte, får fylkesrådmannen i oppgåve - så snart som mogleg - å overdra aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS til dei aktuelle kommunane i Sogn og Fjordane.*
4. *Dersom føresetnadene i pkt. 1 ikkje vert oppfylte, ber fylkestinget generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS gjere vedtak om endringar i selskapet sine vedtekter i samsvar med vedlegg 4.*
5. *Dersom Sogn og Fjordane Holding AS og BKK vert samde om ein transaksjonsavtale innan den avtalte fristen 17.06.19, vil fylkestinget i ekstraordinært møte 26.06.19 ta stilling til om fylkeskommunen godkjenner transaksjonen. Fylkestinget sitt vedtak i den føreliggjande saka er såleis gjort med etterhald om at fylkestinget kan kome til å handsame saka på nytt 26.06.19.*

Når det gjeld pkt. 5 i vedtaket, opplyste BKK dagen før det avtalte forhandlingsmøtet med SF Holding 17.06 at selskapet likevel ikkje ønskte å forhandle om ein transaksjonsavtale. Det vart difor ikkje ny handsaming av saka i fylkestinget 26.06, slik fylkestinget hadde teke etterhald om.

Av pkt. 1 i vedtaket framgår det at overføringa av aksjar til kommunane føreset at visse vilkår vert oppfylte. Alle dei fire føresetnadene for overføringa er no oppfylte:

- BKK trekte 27.06.19 anken til Högsterett i rettssaka om forkjøpsrett til SF Holding sine aksjar i SFE. Det er såleis rettskraftig avgjort at aksjeoverføringa til kommunane ikkje utløyser BKK sin forkjøpsrett til aksjane, jf. Gulatings lagmannsrett sin dom av 29.03.19.
- I møte 29.08.19 samtykte styret i SFE til overføringa av alle B-aksjane til kommunane.
- Olje- og energidepartementet gav ved vedtak av 02.09.19 kommunane konsesjon for å erverve 80 prosent av aksjane i SF Holding.
- I same vedtak gjorde departementet vedtak om ikkje å gjere bruk av staten sin forkjøpsrett. Departementet kunne vidare ikkje sjå at overdraginga til kommunane gjer det naudsynt å konsesjonhandsame rettar som er unnateke frå konsesjonhandsaming ved tidlegare vedtak. Departementet fann såleis at aksjeoverføringa ikkje vil få negative konsesjonsrettslege konsekvensar for SFE eller selskapet sine datterselskap.

Sidan føresetnadene i pkt. 1 i vedtaket no er oppfylte, er ikkje pkt. 4 i vedtaket lenger aktuelt. Fylkesrådmannen si oppgåve er dermed å overdra 80 prosent av aksjane i SF Holding til dei aktuelle kommunane i Sogn og Fjordane, jf. pkt. 3 i vedtaket.

Eg vurderer det imidlertid slik at det er behov for å føreta nokre små endringar av aksjonæravtalen og vedtekten for SF Holding før fylkesrådmannen sender gåvebrevet og aksjonæravtalen til kommunane. Som følgje av at føresetnadene i pkt. 1 i fylkestinget sitt vedtak er oppfylte, er det dessutan behov for å oppdatere gåvebrevet. Fylkestinget må sjølv godkjenne desse endringane.

I brev av 13.09.19 har fylkesrådmannen orientert kommunane, inkludert dei fire kommunane som vert etablert frå 2020, om den vidare prosessen.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

### **3.1. Justering av aksjonæravtale og vedtekter**

#### 3.1.1 Innleiing

Ein sentral del av fylkeskommunen sin strategi for eigarskapen i SFE er å sikre at SFE fortsatt kan vere eit viktig, sjølvstendig, regionalt og lokalt eigmakt kraftselskap i Sogn og Fjordane. Dette kjem m.a. til uttrykk i § 3 i det utkastet til vedtekter for SF Holding som fylkestinget godkjente i sak 35/19, sjå vedlegg 2.

Denne strategien er i samsvar med aksjonæravtalen for SFE, som alle aksjonærane i selskapet har slutta seg til. Av aksjonæravtalen pkt. 1.3 om «Målsetjing» framgår følgjande:

*«Det er Aksjonærane sitt siktemål at Konsernet skal klare å posisjonere seg til å vere blant dei leiande energiselskapa i Noreg med eit konkurransedyktig produksjons- og tenestespekte, samt vere ein attraktiv arbeidsplass for eksisterande og framtidige tilsette slik at Konsernet til ei kvar tid er sikra tilstrekkeleg kompetanse. Konsernet si geografiske målsetjing er å ytterlegare sikre sin posisjon som fylkesdekkjande aktør med omsyn til produksjon, distribusjon og omsetning av energi.»*

*Vidare skal Konsernet vere ein aktiv aktør i dei restruktureringsprosessane som kraftbransjen står ovanfor i dei komande åra. Som eit ledd i oppfyllinga av denne målsetjinga skal Konsernet søke å utøve ei aktiv og sentral rolle for å sikre eit nært samarbeid med andre aktørar i kraftbransjen som er lokalisert på Vestlandet.»*

Fleire saker dei siste åra har vist at BKK på den eine sida og fylkeskommunen og dei kommunale eigarane i SFE på den andre sida, har ulik eigarstrategi for SFE. Tre døme på dette, som fylkestinget alle kjenner til, er eigarane si haldning til emisjonen (eigenkapitaltilførsel) i 2017, utgreiinga av «Vestlands Kraft DA» og den planlagde fusjonen mellom Sunnfjord Energi AS og SFE.

Generalforsamlinga i Sunnfjord Energi Holding AS gjorde 26.06.19, dvs. tre veker etter at fylkestinget gjorde sitt vedtak i sak 35/19, vedtak om å fusjonere selskapet med BKK. Som følge av denne fusjonen, vil fleire av kommunane som vert aksjonærar i SF Holding, også vere aksjonærar i BKK. To av dei komande eigarkommunane i SF Holding, Høyanger og Gulen, er alt i dag eigarar i BKK.

Dei nemnde forholda gjer at fylkesrådmannen er noko usikker på om fylkeskommunen sin eigarstrategi for SFE utan vidare vil bli videreført av SF Holding når kommunane overtek 80 prosent av aksjekapitalen i selskapet frå fylkeskommunen. Det er difor grunn til å vurdere om det bør gjerast justeringar i det utkastet til aksjonæravtale og vedtekter som fylkestinget godkjente i sak 35/19.

#### 3.1.2 Konkret forslag

Aksjonæravtalen og vedtekten som fylkestinget godkjente i sak 35/19, har føresegner som sikrar SFE mot uønskte strukturelle endringar, utan at dette rokkar ved Vestland fylkeskommune sin avgjerande innverknad på generalforsamlinga i SF Holding. Ein konsekvens av ordlyden i vedtekten § 3 – føremålsføresegna - er at så substansielle avgjerder som sal av SF Holding sine aksjar i SFE, eller vedtak på generalforsamlinga i SFE om fusjon med andre selskap, krev endring av vedtekten i SF Holding. Ei vedtektsendring krev etter aksjelova både 2/3 fleirtal av røystene og den kapitalen som er representert på generalforsamlinga i SF Holding.

BKK og andre større kraftselskap kan ha ambisjonar om fleire fusjonar innanfor kraftsektoren i det noverande Sogn og Fjordane. Framtidige fusjonar kan medføre at endå fleire av dei 18 kommunane som snart vert aksjonærar i SF Holding, også vert aksjonærar i konkurrerande kraftselskap.

Fylkesrådmannen vil difor tilrå at aksjonærrettane til dei kommunane som vil ha eigarinteresser både i SF Holding og i konkurrerande selskap, vert avgrensa ved at det i aksjonæravtalen og vedtekten vert innteke ein strengare inhabilitetsregel enn det som følgjer av reglane i aksjelova.

Poenget med inhabilitetsregelen å sikre at SF Holding ikkje skal leggje vekt på eigarinteressene til selskap som konkurrerer med SFE i saker som gjeld fusjon e.l. mellom SFE og andre selskap. Det tilsvarende gjeld ved avgjerd om sal av SF Holding sine aksjar i SFE.

Eg gjer framlegg om slik ny ordlyd i høvesvis aksjonæravtalen pkt. 3.7 og vedtekten § 7 om «generalforsamling»:

*«Ved avgjerd om Sogn og Fjordane Energi AS, eller nokon av dette selskapet sine datterselskap, skal fusjonere eller gjere vedtak om annan foretakssamanslutning med andre selskap, er eigarar av B-aksjar som har eigarinteresser i selskap som Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine datterselskap vert føreslege fusjonert eller samanslåast med, ugilde og kan ikkje stemme på generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS. Røystene til dei aksjonærane som ikkje kan stemme vert fordelt høvesvis på dei eigarar av B-aksjar som ikkje har slike eigarinteresser. Tilsvarande gjeld avgjerd om sal av aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine datterselskap.»*

Dette inneber at

- kommunar som har eigarinteresser i selskap som SFE, eller SFE sine datterselskap, vert føreslege fusjonert med, vert ugilde til å røyste på generalforsamlinga i SF Holding når SF Holding skal ta stilling til fusjonsspørsmålet.
- kommunar som har eigarinteresser i selskap som SF Holding vurderer å selje SFE-aksjar til, vert ugilde til å røyste på generalforsamlinga i SF Holding når selskapet skal ta stilling til salsspørsmålet.

Utkast til ny aksjonæravtale og nye vedtekter ligg vedlagt. Endringsframlegga er skrivne med **raudt**. I aksjonæravtalen er – i tillegg til det som er nemnd over – kommunenamna på framsida retta opp. Talet på A- og B-aksjar er innteke i pkt. 3.

### **3.2 Justering av gåvebrev**

I lys av at styret i SFE har samtykka til aksjeoverføringa og Olje- og energidepartementet har gitt konsesjon, er det ikkje naudsynt å ha med etterhalda som var inntekne i pkt. 1 og 2 i gåvebrevet fylkestinget godkjente i sak 35/19.

Det opphavlege pkt. 3 vert nytt pkt. 1, men er noko omarbeidd. Fylkesrådmannen legg no opp til at kommunen sluttar seg til aksjonæravtalen for SF Holding ved at kompetent person i kommunen signerer på gåvebrevet. Sjølvे signeringa av avtalen vil skje seinare.

Dei opphavlege pkt. 4, 5 og 6 vert endra til pkt. 2, 3 og 4.

I utkastet til nytt pkt. 5 er det opplyst at overføringa av aksjar vil skje så snart akseptfristen har gått ut og generalforsamlinga i SF Holding har vedteke dei nye vedtekten og vald nytt styre. I tilknyting til dette kan eg opplyse at eg legg opp til at akseptfristen vert 18.11.19 og at generalforsamlinga vert halden i slutten av november.

Utkast til nytt gåvebrev ligg vedlagt.

### **4. Konklusjon**

Med tilvising til drøftinga over tilråa eg at fylkestinget godkjenner aksjonæravtalen og gåvebrevet, slik dokumenta framgår av vedlegg 1 og 3. Vidare rår eg til at fylkestinget sluttar seg til at generalforsamlinga i SF Holding endrar selskapet sine vedtekter i samsvar med vedlegg 2.